

Til Fylkesmannen si landbruksavdeling:

SØKNAD OM DELTAKING I BYGDEUTVIKLINGSPROGRAMMET FRÅ 2005

Innleiing

Breimsbygda søker med dette på nytt om deltaking i det 3-årige bygdeutviklingsprogrammet. Vi søkte også i 2004, og vart då rangert som nr 3, "første vara", sidan to bygder vert tekne opp.

Det er framheva at det er viktig at bygder som får avslag arbeider vidare med ideane sine før ny søknad.

Vi tek difor utgangspunkt i søknaden frå i fjor (vedl.1), knytter nokre kommentarar til den, og viser elles med diverse vedlegg korleis vi har arbeidd vidare heilt konkret på viktige felt i fjorårets søknad. Vi har no meir konkrete planar som er endå betre forankra i bygda gjennom ny runde med møteverksemd.

Økonomi avgrensar kva ein kan få gjort. Breim vilt-og fiskelag har i denne omgang finansiert støtta til samarbeidstiltaka med Gloppen ungdomsskule (GU) og no i år elevbedrifta natur og media.

Det vil bli søkt separate midlar, m.a. BU-midlar, til eit større forprosjekt i sommar, sjå nedanfor. Då vil vi ha konkrete erfaringar når vi vonaleg kjem med i bygdeutviklingsprogrammet og blir operative i den samanheng frå hausten av.

Samarbeid med kommunen

Prosjektgruppa har møtt stor velvilje frå kommunen v/landbruksetaten og naturbruksorganisasjonane.

I søknaden i fjor (april) fokuserte prosjektgruppa sterkt på samarbeid med skule og frivillege ungdomsorganisasjonar som 4H. Entreprenørskap som eit auka satsingsområde både i skule og 4H.

Eit konkret resultat var av landbruksetaten og dei økonomiske naturbruksorganisasjonane skreiv inn fylgjande i miljøplanen (smil) 2005-2008 som vart vedteken av kommunestyret i oktober 2004:

"Som eit ledd i entreprenørskapstenkinga, som Gloppen kommune har eit aktivt forhold til, vil vi søke å få til eit samarbeid mellom t.d. skule, 4H m.fl. og tiltakshavar i gjennomføringa av tiltak innan miljøordningane. Dette trur vi kan vere med på å auke forståinga av landbruket som berar av viktige økonomiske og kulturelle verdiar i lokalsamfunnet."

På slutten av fjoråret fekk Breim vilt- og fiskelag restløyving av smil-midlar til planleggingstiltak.

Laget engasjerte Dagrun Aarsten, dagleg leiar fjordhestgarden, med erfaring frå fleire år i USA, og Gunn Aase Moldestad, med reiselivserfaring frå Gloppen og siste åra som IKT- og marknadssjef i Fjordtours i Bergen, til å gjere ei delutgreiing m.a. med utgangspunkt i bygdeutviklingssøknaden frå 2004 (vedl.2).

Forprosjekt sommar 2005

Utgreiinga frå Aarsten og Moldestad av 4.mars 2005 dannar grunnlag for ei forprosjekt sommar 2005. Rapporten har vore debattert på ope møte på fjordhestgarden 16.3 skipa til av fjordhestgarden og vilt- og fiskelaget. Dessutan på årsmøtet i fjordhestgarden 22.3, og har vore debattert i fiskelaget.

Det er sett ned ei nemnd som m.a. skal jobbe med å få til ein aktivitet kvar dag i juli med fjordhestgarden som ”nav”. Eit slikt fastpunkt er nødvendig for samarbeid med elev- og 4H-bedrifter.

Lærer Svein Hjelmeset ved GU som er kontaktlærer for elevbedrifta ved ungdomsskulen har sagt seg villig til å vere med på samarbeid og oppfølging av elevane også i sommartida.

Samarbeid lokalsamfunn, skule, ungdom og entrepenørskap

Breim vilt- og fiskelag og prosjektgruppa for bygdeutvikling har støtta Fjellatlasprosjektet og elevbedrifta Natur og media som har sprunge ut av Fjellatlas-prosjektet på ulike måtar siste år. Både med reise pengar til Breim, GPS, pengetilskott, eiga nettside naturkunnskap.no (vedl.3-5). I tillegg til bokprosjekt (vedl.6) kan nemnast at elevbedrifta skal lage stoff om natur og miljø til det nettforlaget, Cyberbook (kunnskap.no). GU har fått anerkjenning og omtale på fylkesplan (vedl.7-8) for desse naturfaglege prosjekta og vidareutvikling av dei til næring.

Når Breim er kome med i bygdeutviklingsprosjektet vil vi ta opp spm om formalisering av samarbeid gjennom partnerskapsavtaler, både med GU og andre. Prosjektgruppa har m.a. drøfta Breim som ny arena for ”den andre dagen”-prosjekt i stor målestokk, som vidareføring av det 4-årige prosjektet på Karnilstunet som no er avslutta (nærare omtala i søknaden vår i fjor).

I Breim har utviklingslaga og andre ei rad prosjekt på gang eller under planlegging (t.d. Reed utviklingslag, vedl. 9-10), Kandalstøylane er av dei 50 utplukka i den fylkeskommunale strategi- og handlingsplanen for kulturlandskap 2003-2006, vi har hatt samtaler om oppbygging av fjordhestgarden som 4H-gard osv.

Vi ser at andre stader (t.d. vedl.11) blir skulane trekt inn som ressursar i slik næringsutviklingssamanheng. I Breim er det altså også er mogleg med mange spennande samarbeidsformer der elevane kan få vere med som ein ressurs.

T.d. vil det høge nivået elevane viser når det gjeld fuglar på dei digitale naturstiane dei har laga på naturkunnskap.no vere interessant for mange naturturistar (vedl.12).Elevane er no i gang med omsetjing av desse naturstiane til engelsk.

Arbeidet i prosjektgruppa

Medlemmer av prosjektgruppa har vore i arbeid meir eller mindre frå fjorårets søknad vart levert i april til no.

M.a. kan nemnast at ein skreiv merknad til framlegg til reguleringsplan for det foreslåtte friområdet ved Byrkjelo Camping i mai 2004 (vedl.13). Endeleg avgjerd haust 2004 muleggjer ei vidareutvikling i tråd med skissa i søknaden vår i fjor.

I fjor sommar deltok medlemmer i gruppa saman med landbrukssjef og folk frå fylkesmannen og innovasjon Noreg på synfaring på fjordhestgarden og rundt i bygda. Ola Bergheim deltok for prosjektgruppa på bygdasamlinga 2004 i august.

I sbd med lanseringa nasjonalt av friluftslivets år og 100-årsmarkeringa i haust har prosjektgruppa tatt initiativ overfor resten av kommunen om satsing på å bli beste friluftslivskommune.

Gruppa har og skrive i lokalavisa. Eitt av innlegga (vedl.14) vart og sendt direkte til kommunepolitikarane vie epost pga kort tid til avgjerd, og det fekk ein positiv tilbakemelding på. Vi har også invitert til fellesmøte om naturbruksspørsmål (vedl.15).

I desember 2004 vart prosjektgruppa fullstendig konstituert etter modellen frå søknaden i 2004.

Grappa er samansett av Reiel Felde frå bondelaget (leiar), Ola Bergheim for vilt- og fiskelaget, Per Svein Reed for Reed utviklingslag, Mai Nyborg for Kandal utviklingslag, Siri Myklebust for Byrkjelo utviklingslag, Solgunn Sårheim for Breim bygdeungdomslag, og Jan Rune Bjørkelo som representant for studentane ein ynskjer halde kontakt med og få attande.

Grappa har no i 2005 vore saman om å skipe møte på Byrkjelo, Reed og Kandal med sentrale personar, frivillege og økonomiske lag og organisasjonar og elles informert og drøfta tema i sine område og organisasjonar.

Hovudkonklusjonen frå desse høyringane og andre samtaler med bygdefolket er at vi kan bygge vidare på fjorårets søknad. Det er fått full oppslutnad om naturbasert reiseliiv for alle som samlande tema, og ein har aksept for forprosjekt i sommar, jfr ovanfor.

I desse høyringane har det vore presisert at det er viktig både med trivselstiltak og arbeid for bevaring og nyutvikling av arbeidsplassar. M.a. viktig med gode telekommunikasjonar (mobil, breiband) til absolutt alle deler av bygda.

Vegvesenet skapar her som andre stader store vanskar for dei næringsdrivande med restriktiv praksis for opplysningsskilt. Problemet med grønne tunnellar aukar sterkt, og her bør ein få samarbeid med det fylkeskommunale attgroingsprosjektet som brukar bilete frå Breim som positive føredøme i sin prosjektpresentasjon.

Også viktig med skikkelege turvegar i tilknytning til bustadfelta, m.a. skikka for foreldre med barnevogn, eldre og andre med rørslevanskar.

Reiel Felde har ma. som oppfylgning av dette vore med på synfaring 10.3.2005 av Byrkjelo Kraft med sikte på å få anleggsvegen permanent bevart som turveg.

Prosjektgruppa er blitt beden om å oppnemne representant for Breim i folkehelserådet. Det er foreløpig Ola Bergheim.

Vi har også nett lansert tanken om eit Gloppen Naturforum

Som det og går fram av vedlegga har ein starta samarbeid både med ungt entrepenørskap i fylket og 4H både i fylket og sentralt (vedl. 16-17). Når det gjeld 4H nasjonalt gjeld eit event samarbeid utvikling av spennande ny nettportal, m.a. etter mønster av USA, og produksjon av små reklamesnuttar for TV. Når det gjeld 4H på fylkesplan har ein spesielt drøfta mulegheitene for å engasjere ungdom som ressurs i sbd med oppbygging av fjordhestgarden som 4H-gard, og entrepenørskap, spesielt 4H-bedrifter i den grønne årstida.

Konklusjon

Prosjektgruppa har arbeidd vidare med og konkretisert planane frå fjorårets søknad. Dei faglege utfordringane vi har framfor oss er store. Kompetansesamarbeidet som bygdeutviklingsprosjektet tilfører oss kan vere avgjerande for vidareføring av prosjekta vi har starta på.

Vi vonar difor å kome med frå 2005.

Om det er ynskjeleg med utdjuping av opplysningar og prosjekt nemnt kort ovanfor så ta kontakt med underteikna.

Breim 01.04.2005

For prosjektgruppa for bygdeutvikling i Breim

Reiel Felde, tlf 57867228
(leiar, epost annif@c2i.net)

Ola Bergheim, tlf 57867215
(skrivar, epost balo@online.no)

Vedlegg:

1. Søknaden frå Breim i 2004 om deltaking i bygdeutviklingsprosjektet
2. SMIL-plan utarbeidd for Breim vilt- og fiskelag, dagsett 4.mars 2005
3. Fekk busspengar og GPS; Firda tidend 14.05.05
4. Støtte til den spennande elevbedrifta Natur og media; Firda Tidend 04.02.2005
5. Tildelingsbrev til Natur og media 30.01.2005.04.03
6. Fuglar og tre i Jølet. Ei bok av natur og media elevbedrift, mars 2005-04-03
7. Rapport frå samling av IKT-ressursperonar 1.12.2004; på Fylkesmannen.no
8. Frå naturfag og lokalhistorie til næring i Gloppen, kulturnett.no
9. Sentrumsområdet og strandsona på Reed, 03.11.2004, fylkeskultursjefen
10. Reed-fjæra, Reed utviklingslag 2005
11. Prosjektavtale mellom skole og turisme? Døme frå Farsund 24.01.05
12. Trekker turster med fugler, Nationen 20.10.2004
13. Merknad til reguleringsplan for Byrkjelo sør, mai/sept 2004
14. Et Gloppen såkornet? Firda Tidend ca 20.10.2004
15. Kanskje kommer kongen i 2005? Firda Tidend 10.10.2004
16. Epost frå Jon Vollset, generalsekretær 4H, 18.03.2005
17. Epost frå Geirmund Dvergsdal om Naturbruk og entrepenørskap